

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjörundfjord

Emne: Beit og Brom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Ingv. Viddal

Gard: Viddal

(adresse): Sæbø i Sunnmøre

G.nr. 20

Br.nr. 2

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eiga røynsle
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Noko er oppskreve etter J.P.Slettedal, Sæbø . Alder 88 år.

## SVAR

1. Ein har nytta slikt for. Det var björkeris, og var kalla både "Beit" og "Ris". Det var elles slutt med ~~sett~~ dette foret kring 1910. Det einaste var at geitene fekk gå bort i ved-dungane og ete björkeris om vinteren.
2. Det kallast "Å ta beit", eller "Å ta ris". Den vanlege vedsleden vart bruka, eller og den sleden som dei köyrde myse eller syre frå sætra med, og som vart kalla "Syresleden" eller "Skysleden".
3. Beit tok ein heim helst når det leid på våren, når förknipa melde seg. Trea vart köyrde heile heim, for det meste, og så kvista heime ved husa.  
I Sledalen (Slettedal) bruka dei å strå kvistene utover snöen, og så gjekk krötera og beit av dei ute
4. Ein bruka öks eller sigd når ein henta beit. Lauvkniv berre til det bruk, har eg ikkje höyrt om. Sigden var ein vanleg sigd som ein skar korn med.
5. Dette foret fekk sau og geit og "lettekrötera", d.v. seie kviger og kalvar. Elles var det vanleg at geit og sau fekk lauvkjerve, som var innsamla i store mengder. Beit eller ris var ikkje blanda med anna for.
6. Risdungen låg ved fjöset ~~ixixixdunge~~. Det er ikkje lenger bruka å sleppe kröter bort i veddungane. Men det var som för nemnt bruka den tida vi hadde geit.
7. Skikken med å ta heim beit langfredag, er ukjend for alle dei eg har tala med om dette.

Granbar til beit, var ikkje bruka heime, då der ikkje fanst barskog. Men eg har sett bar bruka i vårknipe her i Bondalen sist det var vårknipe under krigen.

